



Jan Otto Andvik
Eknes 59
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18017 - 21/11168

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
18.02.2021

Landbrukssak gbnr 238/2 Eknes Ytre - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 239/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Jan Otto Andvik løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 238/2 Eknes Ytre.

- **Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast**
- **Vegen skal byggast som ømsøkt. Vedtaket er gyldig til 28.02.2024**
- **Eventuelle andre løyver må vera til stades før bygging kan settast i gong**

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Jan Otto Andvik søkar om bygging av 80 meter nyanlegg og 120 meter ombygging landbruksveg i/til vegklasse 4, landbruksvegforskrifta. Kostnad er estimert til ca kr 180 000,- Veggen skal gje tilkomst til ca 4000kubikk hogstmoden skog i området.

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen skal i denne saka gje tilkomst til hogstmoden skog og er såleis i tråd med forskrifta.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken.

Saka har vært på høyring hos kulturavdelinga i Alver, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Svar på Alver og fylkeskommunen ligg ved. Statsforvaltaren har ikkje komen med nokon merknadar.

Kulturavdelingar i Alver bed om at det visast omsyn til stiar i området og at det varslast med skilt om vegen er stengt i periodar.

Vestland fylkeskommune hadde ingen merknadar.

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
Naturmangfaldlova
Forvaltningslova
Kulturminnelova
Offentlegheitslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/18017»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 238/2 Eknes ytre - uttale kultur

AcosSvarInn.xml

Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 238/2 Eknes ytre

AcosSvarInn.xml

Mottakarar:

Jan Otto Andvik

Eknes 59

5993

OSTEREIDET